



Den samfunnsegsjerte Ola Matti Mathisen har møtt den politiske eliten i landet frå 1960 talet og fram til etter år 2000. Bileta hans syner møte med Trygve Brateli, Reidar T. Larsen, Jo Benkow og Torstein Treholt.

Ola Matti Mathisen har røysta ved alle val sidan Stortingsvalet i 1961. Det var på Hamar. Det var slutt på felleslister og mor hans, Karen, rådde han til å røysta Høgre, eit parti han har vore tru mot i alle år fram til i dag. Som journalist og politisk redaktør har han vore på 12 landsmøte i Høgre og på ei rekkje

landsmøte i andre part. Han var ofte i presselosjen på Stortinget og har møtt den politiske eliten i Noreg på alle nivå.

Ola Matti Mathisen (Matti) bur på Rosendalstunet og har nyleg førehandsrøysta på den ordninga ein kallar Røysting på institusjonar, eit lovpålagd tiltak i Noreg. Valleiar i Kvinnherad, Geir Mogren, var ansvarleg for røystinga og fortel til Uskedalen.no at valet vert gjennomført på vanleg måte med alle lister utlagd og elektronisk registrering og avkryssing. Frammøte er godt og Mogren merka seg den samfunnsengasjerte Mathisen frå Uskedalen.



Valleiar i Kvinnherad, Geir Mogren, saman med valfunksjonærane Solveig Hus og Bente Høyland har gjennomført Val på institusjonane, eit lovpålangd tiltak i Noreg.

Matti minnest alle kommune- og stortingsvala godt. Seinare kom Fylkestingsvala. Valet i 1961 vert hugsa fordi det var vendepunktet for Einar Gerhardsen. Med Kings Bay skandalen og SF sine røyster mot seg, måtte regjeringa gå av. I alle år seinare har han hatt god kontakt i den politiske miljøet, særleg i partia Høgre og Senterpartiet.

Ola Matti minnest godt Lars Leiro (SP) frå Hordaland. Han sjokkerte TV Noreg med å ta fram Vestlandslefsa i ei sending og på den måten våga seg til å profilera eit matprodukt på direkten. Han minnest godt den siste kommunisten på Stortinget, småbrukar Emil Løvlien frå Løiten. Hedemark var eit raudt fylke. Over senga heime hadde han alltid plakaten med bilete av alle dei 150 representantane på Stortinget. Avisene han skreiv i, var stort sett partiaviser frå H eller SP. Journalistane den gongen var lydige talsmenn for partiet. I dag er den siste avisa hans, GD på Lillehammer, ei upolitisk avis.

Matt har fått med seg det gode frammøte til førehandsrøystinga i Uskedalen. Uskedalen høyrer til valkrinsen Rosendal med felles frammøteprosent. Matti skjønar ikkje kvifor ein kan få fram frammøte i det som var ein valkrins før. Han rår alle til å nytta røysteretten, anten ved røysting på Rådhuset eller Biblioteket i denne veka eller på sjølve valdagen, måndag 11. september.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal

